


Det norske språket i den digitale verda

Jon Grepstad

Negropontes sirklar

Dei fleste av oss lever innanfor Negropontes sirklar.

I 1978 spådde Nicholas P. Negroponte - grunnleggjar og leiar for medielaboratoriet ved Massachusetts Institute of Technology - at dei tre områda (1) kringkasting, tv og film, (2) trykkjeri- og forlagsverksemd og (3) dataindustri dei neste tiåra i veksande grad ville konvergere eller flyte saman. Og om lag slik har det gått. I tillegg har vi fått ein fjerde sirkel: telekommunikasjon. Dermed oppstår "cyberspace" - nettverda, den digitale røynda, det store nettrommet. Dit er vi alle på veg, før eller seinare, i arbeid og fritid.



Illustrasjon frå *Inforum* nr. 3/1996. "Cyberspace" - nettverda - er midtfeltet.

Nettverda

Mange av oss er der allereie. Internett har globalt 4 millionar vertsmaskinar eller nodar. Det blir rekna med 20-30 millionar brukarar. Vinton G. Cerf, amerikansk nettpioner og leiar for the Internett Society, spår i tidsskriftet "Wired" (12/94) at ved århundreskiftet vil det vere 300 millionar brukarar på nettet.

I Noreg er det over 30 000 vertsmaskinar på Internett. Ser vi på forholdet mellom nettilknytte maskinar og folketal, ligg Noreg fremst i verda. Dei fleste nordiske landa ligg høgt på statistikken.

Universiteta var var først ute. Høgskulane kom for alvor i 1992. Grunnskular og vidaregåande opplæring er på veg inn. Bibliotek og museum likeins. Departementa er undervegs. Fylka og kommunane vil kome. Organisasjonar og prosjekt oppdagar nettet. Og kommersielle bedrifter knyter seg til: i første omgang forlag, tidsskrift, aviser - ved sida av databransjen sjølv.

Stadig fleire tenesteleverandørar opnar nettet for privatpersonar, organisasjonar og foretak med modem og telefonlinje. Med e-post har ein foten innanfor nettverda - og kan kome lenger enn dei fleste er klar over. Med informasjonsprogram som "world wide web" er ein til stades

så å seie med hud og hår. Program for samtalar og konferansar i sann tid er med å gjere oss "tele-presente".

Språket i nettverda

Språket følgjer med. Vi treng det (a) for å gripe den digitale røynda og (b) for å kommunisere i den digitale røynda.

I omgangen med nettverda skaper vi nye omgrep og nye nemningar: e-post, gopher, web, virtuelle samfunn. Vi hentar omgrep frå engelsk og tilpassar nemningane så langt vi maktar vårt eige språk. Nye metaforar oppstår, somme er døgnfluger, andre bit seg fast i daglespråket og blir der. Det finst metaforar i nettspråket som er fargerik kvardagspoesi: navigere, surfe, - metaforar knytte til til havet som stig og sig, det opne rommet og myriaden av øyar og holmar med informasjon. Det finst metaforar som er mindre eigna: "Elektroniske motorvegar" er ein heller fattig freistnad på å overføre det amerikanske "information superhighways" til norsk. For motorvegar hos oss har nok mindre mytiske overtonar enn "superhighways" i USA. Og jamvel den amerikanske "highways"-metaforen har sine veikskarar, som den same Negroponte også har peika på ("Scientific American", september 1991). Interessant er det likevel å sjå korleis vi freistar gripe ei ny røynd, som transcenderer det vi frå før kjenner, med gamle omgrep eller metaforar. Heilt vellykka kan det ikkje bli når vi står overfor noko kvalitativt nytt, så å seie ei hegeliansk "Aufhebung".

Eitt vitnemål om den plass nettet no er i ferd med å få i livsverda vår, er det at nye nettord kan verke nyskapande attende på etablerte ord i den "pre-digitale verda". Nyordet "e-mail" på engelsk har ført til den uformelle presiseringa "snail mail" for gammaldags papirpost eller "damppost", om lag som "fjernsyn" ei tid førte til "dampradio" hos oss. Amerikanske tenåringer og studentar kan snakke om "skin meeting" som kontrast til dei virtuelle møta på nettet. "Water surfing" dukka nyleg opp som kontrast til "net surfing". Nyskapingar av same slaget vil kome hos oss. "Fysisk generalforsamling" kom nyleg rekande i ei melding til meg - som ein kontrast til dei generalforsamlingar ein kan halde med e-post eller i elektroniske forum på nettet. "Retronym" har eit par amerikanske språkfolk freista kalle denne kategorien av ord, også det i ein diskusjon som fann stad på nettet.

Kreativiteten blømer: "vi tastast seinare" dukkar opp i analogi med "vi snakkast seinare". "Hyggeleg å taste med deg" sa ein samtalepartner til meg her om dagen. Såkalla "emotikon" - grafiske symbol som blir plasserte etter setningar for å uttrykkje haldningar hos den skrivande - har etablert seg i uformell e-post og i elektroniske konferansar, på tvers av språka. Dei mest brukte er symbola for smil og spøk: respektive :-) og ;-). På norsk har dei treffande vore karakteriserte som "ascii- kroppsspråk". Det finst allereie forskning kring emotikons semiologi, liksom det finst forskning i e-postens retorikk og i nettspråk, kommunikasjon og kjønn.

Villnisset av intitalord i nettverda må vi her stort sett gå stille forbi. Somme av dei har ein stygg tendens til ta plass i språket vårt utan nærmare tilpassing: FAQ (eit dokument med "Frequently Asked Questions") bør få eit norsk motstykke. OSS ("ofte stilte spørsmål") er eit godt framlegg.

Elektronisk publisering

Nettet kan brukast til mangt: e-post, elektroniske konferansar eller forum, informasjonstenarar som ftp-arkiv, gopher og web, databasar og deling av maskinressursar ved fjerninnlogging.

Forenklar ein, kan ein skilje mellom meldingsformidling på eine sida og deling av informasjon og maskinressursar på hi.

Elektronisk publisering er ein revolusjon kanskje like stor som Gutenbergs prentekunst. Gjennom gopher og web kan tekst og bilete - eller lyd og videobitar - med små kostnader gjerast tilgjengelege for mange. Somme dokument er flyktige, andre varer. Det finst mange døme på framifrå informasjon på norske gopher- eller web-tenarar. Men det finst også mange eksempel på at ikkje alt er godt nok gjennomarbeidd når det blir lagt ut på nettet. Det gjeld også språket.

Uninett (som elles gjer framifrå arbeid med nettet) har vanskar med titlane i menyane på sin eigen gopher-tenar, og skriv stakkato liksom heimvende norsk-amerikanarar frå tredje generasjon: "Norske Info Tjenere". Universiteta, høgborger i norsk kunnskapsproduksjon og urfolk på nettet, gjer stort sett det same i sine gopher- menyar. Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (som fortener ros som det departementet som var først ute med offentleg gopher-tenar) har vanskar med å gjere greie for sitt eige namn, og presenterer web-tenaren med ein språkleg konsekvens som høyrer hugselappar og notatblokker til. Nasjonalt læremiddelsenter (som gjer ein god innsats for å fremje IT-kunnskapen i skuleverket), viser solidaritet med elevar i språkblanda område og presterer eit samansurium av bokmål og nynorsk i ingressen til oversikta over læreplanar på web. At dei også har vanskar med genitivsforma av NLS, er kanskje ikkje så rart.

Poenget er her at slike språklege veikskapar, små eller store, i ein papirpublikasjon ville vere luka bort av språkvaskarar og korrekturlesarar, og kanskje lenge før dei kom så langt som til språkvask eller korrektur.

Difor ein peikefinger: Vi må ta mediet, språket og vårt eige arbeid alvorleg. Fordi det er så raskt og enkelt å leggje tekstar ut på nettet, tekstar som på minutt kan nå tusenvis av menneske, må vi vere medvitne om kommunikasjonssituasjonen og ha respekt for det særeigne ved nettet. Det trengst rutinar i institusjonane for å sikre at det som blir lagt ut, held mål også språkleg. Litt for ofte ser vi hastverk av same slag som det som rammar desken i ein avisredaksjon under tidspress.

Minoritetsspråka på nettet

Internett er ein "global landsby". Men det er den rike verda sin "globale landsby", og oftast er det engelsk/amerikansk som er lingua franca. USA er framleis eit tyngdepunkt på Internett, sjølv om nettet spreier seg stadig vidare. Det speglar seg også av i språka på nettet. Ein finn solide innslag av amerikansk nettspråk jamvel i "des gophers parlant français". Innslaga er velkjende i vårt eige språk. Mange er unødvendige, og vitnar mest om fantasiløyse og språkleg latskap.

"Det norske språket forsvinner - øvrigheten er passiv" stod det å lese på forsida til "Computerworld Norge" i fjor haust. Oppslaget var nok altfor dramatisk, men ikkje ueigna som ein tankevekkjar.

Internett - denne artikkelen er ein hyllest til Internett - er ein stor internasjonal dugnad, og ein stor allmenning, merkt av ei pionerånd som det er ei sann glede å få oppleve. Nettet har ein desentralisert og "anarkistisk" struktur, som er sjeldsynt i moderne samfunn i dag. Det gjev tilgang til store mengder engelskspråkleg informasjon, men det gjer det også lett for dei små

språka å fremje kommunikasjon og informasjonsutveksling innanfor sine egne samfunn. Her til lands er både nynorskbrukarar og samisktalande i ferd med å ta nettet i bruk for å fremje sine interesser.

Kva som skjer med det norske språket på nettet, er avhengig av oss sjølve. Det må vere eit overordna perspektiv for alle som arbeider med informasjon i offentleg sektor, å vere med å utvikle norsk språk og norsk kultur i vekselspel med omverda. Det gjeld også for arbeidet vårt på nettet.

Når skuleverket no blir knytt til nettet, er det ei oppgåve for KUF (og i siste instans Stortinget) å sikre at skulane kan få dei sentrale brukarprogramma i norskspråkleg versjon. Å lage norskspråklege program treng korkje vere krevjande eller særleg dyrt. Telenor Forsking har allereie utvikla ein norskspråkleg web-klient. Programmet bør ha interesse både for skuleverket og offentlege institusjonar i stat, fylke og kommune.

Mållova

Lov om målbruk i offentleg teneste gjeld også for statsorgana i den digitale verda. Stoff som blir lagt ut på informasjonstenarar - web, gopher, ftp-arkiv - kjem inn under dei reglar som gjeld for informasjonstilfang elles. Det vil mellom anna seie at sentrale statsorgan, statsorgan som har heile landet som tenestekrins, må syte for ei rimeleg kvantitativ fordeling mellom dei to offisielle målformene også her. Ei rimeleg kvantitativ fordeling vil seie at ingen av dei to målformene skal vere representert med mindre enn 25 pst. Førebels er innslaget av nynorsk skralt på informasjonstenarane til statsinstitusjonane. Det gjeld både universiteta, KUF og Statens informasjonsteneste.

Sluttord

Til slutt ei påminning, ei presisering og eit atterhald.

Den vestlege verda er langt på veg prega av det "teknologiske imperativet" - det som det er teknisk mogleg å gjere, det skal gjerast. Viktig er det å ikkje overlata utviklinga av nettet til "teknikarane", men å ha eit "humanistisk" perspektiv på det vi gjer. Nettet skal tene menneska. For informasjonsfolk er det viktig å ha eit kritisk informasjonsperspektiv: Det finst mykje godt på nettet, men også dårleg informasjon og ein del søppel.

Den digitale verda er strengt sagt vidare enn nettverda. Eg har halde meg til nettverda fordi det er det mest spennande for meg, fordi dei fleste av oss er på veg dit, og fordi det er desse viddene eg kjenner best i det digitale feltet.

Alle synspunkt og alle ordval i denne artikkelen er mine egne. Dei kan ikkje knytast til institusjonen der eg arbeider.

(02.03.95)

Artikkelen har vore prenta i *Inforum* nr. 3/1995, utgitt av Forum for offentleg informasjon (FOI) og Statens informasjonsteneste (SI).